



Arkivnr: 2014/19557-2
Saksbehandlar: Anne-Britt Johannessen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		16.09.2014

Den nasjonale frivillighetsprisen 2014

Samandrag

Hordaland fylkeskommune har fått i oppdrag å nominera ein kandidat til Den nasjonale frivillighetsprisen 2014.

Frå Frivillighet Norge vil vi få oversendt forslag til kandidatar frå Hordaland, som er forslått til prisen. Ein kandidat som er verdig til å tevla om prisen skal plukkast ut.

Ein nasjonal jury skal plukka ut 5 kandidatar frå heile landet. Desse skal presenterast siste veka i november på TV« God morgen Norge. Sjøaarane stemmer fram tre endelege kandidatar, og den nasjonale juryen vil kåra ein verdig vinnar.

Forslag til vedtak

Kultur- og ressursutvalet utpeikar ein komite på 3 medlemmer som får fullmakt til å innstilla ein kandidat til frivillighetsprisen. Innstillinga vert å melda til administrasjonen innan 22. september 2014.

Følgjande frå Kultur- og ressursutvalet vert oppnemd til å sitja i komite for frivillighetsprisen 2014:

- 1.....
- 2.....
- 3.....

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Brev frå Frivillighet Norge

Fylkesrådmannen, 04.09.2014

Hordaland fylkeskommune har fått i oppdrag å nominera ein kandidat til Den nasjonale frivillighetsprisen 2014.

Frivillighet Norge har oversendt forslag til kandidatar frå Hordaland. Ein kandidat som er verdig til å tevla om prisen skal plukkast ut.

Ein nasjonal jury skal plukka ut 5 kandidatar frå heile landet. Desse skal presenterast siste veka i november på TV2 God morgen Norge. Sjøarane stemmer fram tre endelege kandidatar, og den nasjonale juryen vil kåra ein verdig vinnar.

Liste med all informasjon som er motteke om kandidatane i vårt fylke og eventuelle supplerande dokument vert sendt til komitèmedlemene når den ligg føre. Grunngevinga er forslagsstillarens egne ord. Enkelte kandidatar har blitt føreslått fleire gonger, og all informasjon er inkludert for å få best mogleg grunnlag for vurderingar.

Kandidatane skal vurderast opp mot Frivillighetsprisens føremål: «Prisen skal gis til en initiativrik person, lokal forening eller gruppe som har utmerket seg med frivillig innsats, engasjement og pågangsmot til beste for den enkelte og/eller samfunnet. Prisen kan gis på grunnlag av en persons, lokal forenings eller gruppes frivillige innsats over lengre tid eller i et tidsavgrenset prosjekt.»

Namn på Hordaland fylke sin kandidat må sendast snarast og **seinast mandag 1. oktober**. Juryen vil plukka ut dei fem kandidatane som skal visast fram på TV2s God morgen, Norge.